

# Fitjar Kyrkjeblad

nr. 6 — desember 2015 — 38. årgang



*God Jul!*



Klovskarvatnet mars 2010  
Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontoret**

postboks 10,  
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjevevjerje**

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest**

Oma, Olav J. 906 38 825

[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog (vikar)**

Olsen, Johannes 913 61 574

[jool@fitjar.kommune.no](mailto:jool@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

**Soknerådsbarnehage Styrar**

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Fitjar kyrkjeblad**

kontonr. 3546. 30.13568

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

kontonr. 3546.07.04195

# En bønne vi kan se

av Hilde Dagfinrud Valen

*Lyset mitt er som en bønne vi kan se.*

*En lengsel er gjemt i en flamme:*

*«Berør dem vi bærer i hjerte og tanke,  
vi ber, kjære Gud, la det skje!»*

*Lyset mitt er som en bønne vi kan se.*

*et stille rop når til Guds øre:*

*«Det innerste håpet, det dypeste savnet,  
nå kommer vi til deg med det.»*

*Lyset mitt er som en bønne vi kan se.*

*En gnist foran allmaktens ansikt:*

*«Vi kommer med trygghet, med tro og med tillit,  
til deg som har bedt oss å be.»*

*Lyset mitt er som en bønne vi kan se.*

*En handling gir håpet en flamme:*

*«Det tenes hos deg som er lyset i verden,  
hos deg som sa «Bli!» og det ble.»*

*Lyset mitt er som en bønne vi kan se.*

*En lengsel når fram til Guds hjerte:*

*«Ta hånd om alt dette! Velsign og bevar oss!  
Amen, kjære Gud, la det skje!»*

## Redaksjonelt

**“Fitjar Kyrkjeblad”**

er Fitjar sokneråd sitt  
informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet  
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 12. februar.  
til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

**Neste blad**

kjem etter planen 24. februar. Har du tips, stoff eller bilete til  
bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Trykk:** Prosjektkopi vest

# Ein avgrensa Gud

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

## Halvor Norhaug, biskop i Bjørgvin

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lèt seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi egentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile



himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lèt seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvcentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

# Endå ei musikalsk storoppleving i Fitjar



Foto: Torbjørn Hovland

**Søndag 1. november – Helgemessesøndag – hadde Fitjar kyrkje vitjing av Sankta Sunniva Kammerkor (StaS) og Alfatrio. Saman gav dei oss ei musikalsk og visuell oppleving me seint vil gløyma. Her var det kvalitet i alle ledd!**

## **Hermann Inge Aadland**

Koret, som er knytt til domkyrkja i Bergen, er homogent på fleire vis. Songarane er det underteikna vil kalla vaksen ungdom. Dei har fått den vaksne klangen, utan alderstillegg. Då dei stilte seg opp framme i kyrkja, såg me straks at her var det i alle fall tre kvinner for kvar mann. Korleis skulle dette gå? Men det spørsmålet var gløymt straks dei opna munnen. Ljose tenorar og djupe bassar fylte romma dei skulle utan at det verka det minste anstrengt. Balansen var overraskande god. Og klangen var rein og vakker både i fortissimo og pianissimo. Presist fylgde koret dirigenten sine vakre rørsler. **Tore Kloster**

spela verkeleg på det gode instrumentet han hadde framom seg. Det var ei høgtid i seg sjølv.

Hovudverket koret framførte, var britten James Whitbourn sin spanande komposisjon **"Son of God Mass."** ("Guds Son-messe"). Verket som er skriva så seint som i år 2000, har vakre klangar og spennande dynamikk som på ein god måte fargelegg dei ulike messeledda. Formspråket er nytt men ikkje framandt. Det let oss kjenna at me står i ein lang tradisjon og ein tidlaus samanheng i Guds kyrkje.

Det som verkeleg er nytt og spanande ved dette verket er "samtalet" mellom koret og ein utruleg vakker sopransaksofon. Me forstod fort at saksofonisten **Hedvig Holst** var plukka frå øvste hylle. Ho var eitt med instrumentet sitt, og ho var berre musikk tvers igjennom. Og på orgelkrakken sat ein "usynleg" men høgst tilstadeverande **Frode**

**Skag Storheim.** Han gjorde også verkeleg det han skulle!

Takk og takk! Dette høyrer me gjerne om att!

Så vart det heilt andre tonar. Inn frå sakristiet kom den andre musikaren i Alfatrio, **Lena Rist Larsen.** Med sitt store, velklingane akkordeon/trekkspel sette ho seg ned og spela ein nydeleg nocturne av Alexander Cholminov, vakkert og vart. Det er ikkje så ofte me høyrer trekkspel i kyrkja. Men etter dette håpar me at det ikkje vert så lenge til neste gong. Inntrykk gjorde også framføringa hennar av **Astor Piazzolla** sin melankolske tango, **Ave Maria.**

Eit anna høgdepunkt for kvelden var då me fekk høyra **Metodisk Sonate nr. 3 i e-moll** komponert av den tyske barokkomponisten Georg Philipp Telemann (1681-1767). Dei fire satsane vart glitrande framført på sopransaksofon og trekkspel. Dette er musikk som til vanleg vert spela på tradisjonelle barokkinstrument. For underteikna var det kjende tonar, men musikken vart på ein måte ny i denne spesielle tappinga. Dette var spanande!

Det same var møtet med dansaren **Signe Alexandra Domogalla.** Ho dansa til saksofonmusikk og til trekkspelmusikk og til saksofon og akkordeon i samspel, og ho understreka musikken si sorg og glede på meisterleg vis. Ho framstilte både det vakre og det ville, det såre og det glade. Snart

var det som ho oppheva tyngdelova for ein augneblink – for deretter å røra seg som om beina i kroppen hennar var laga av eit langt mjukare materiale enn våre. Her låg det mykje trening bak!

Det er nok ikkje alle som er fortrulege med slike uttrykk i kyrkja, men for underteikna var dette ei stor oppleving som berre gjorde ettermiddagen endå meir minneverdig. "Soli Deo gloria" ("Gud åleine ære") skreiv Bach på noteblada sine. Underteikna opplevde at dette var ei stund som gav Gud ære og oss som sat i benkene stor glede.

Takk for ei ny oppbyggjelig temasamling i kyrkja! Dette var mat for heile mennesket.



Foto: Torbjørn Hovland

*Galleri*  
**Flora as**



Opningstider:  
Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

---

**Blomster - Gaver - Gravminner**



**18. desember 19.30**

**Julekonsert**  
Marianne Juvik Sæbø,  
Terje Kleppe og  
Osternes Mannskor

# Musikalsk kjøkenbordsfilosofi i kyrkja



Foto: Torbjørn Hovland

**22.oktober fekk me gleda av å oppleva utflytta fitjarbu Bodil Kvernenes Nørsett med pianist og ektefelle Runar Nørsett.**

## Torbjørn Hovland

Etter at ho flytta frå Fitjar har Bodil utdanna seg som musikkvitar ved universitetet i Oslo og som songpedagog i København. No underviser ho ved Ansgar Teologiske Høgskule i Kristiansand. I tillegg dirigerer ho tre kor og syng sjølv i Kristiansand Solistensemble. Runar er lege i Kristiansand og spelar med Norwegian Gospel Singers. Han har også spela med Kristiansand Symfoniorkester og fleire store namn innan jazz og gospel. Alt låg til rette for ein variert meny på høgt nivå, og det vart det sanneleg også.


Konserten hadde tittel «Midt i livet» - Musikalsk kjøkenbordsfilosofi – og den raude tråden var korleis song og musikk på

ulik vis og i ulike livsfasar vekker kjensler og minner, gjev trøyst og lindring og spelar på andre strenger enn det ord åleine kan formidle. Musikk kan også vera ein tydeleg identitetsmarkør, kanskje særleg for ungdom. Og dei enkle voggesangane og bordversa er viktige kulturbærarar og kvardagsritual som bind generasjonar saman.

Spennvidda var stor i det me fekk høyre, frå salme av Per Lønning og sjølvkomponert barnegospel, til jazz frå Duke Ellington og Radka Toneff. Med stor musikalitet vart me tekne med gjennom ulike musikalske rom med visdom og filosofi frå salmar og poesi. Med ståstad midt i livet kunne Bodil og Runar gje oss jordnær livsvisdom med klangbotn frå eigne liv og opplevingar.

Etter siste applaus gjekk me ut i haustleg vind og regn. Men me kunne gå heimover litt gladare, litt klokare og litt rikare.

# Nytt orgel - nytt galleri



**Om mindre enn to år - på slutten av jubileumsåret 2017 - vil det nye orgelet vera på plass i Fitjar kyrkje. Det svenske orgelbyggjarfirmaet Ålems skal byggja eit orgel med heile 24 stemmer. Me får eit relativt stort og svært godt og allsidig instrument, som vil vera til stor glede for kyrkjelyden og song- og musikklivet i Fitjar.**


## Jan Overweg, kantor

Noverande orgel er både klangleg og teknisk svært mangelfullt. Det har heller ikkje vore mogleg å få instrumentet i betre stand. Fitjarkyrkja fekk orgel i 1895. Etter ombyggingar i 1935 og 1969 har instrumentet gått gjennom fleire utvidingar og metamorfosar.

Det nye orgelet vil krevja meir plass på galleriet. Fasaden vil koma i flukt med galleribrystninga, og instrumentet vil dermed kunna klinga meir ut i rommet. For å få plass til både orgel, kor og eventuelt andre musikarar vert galleriet bygd ut nokre meter i sideskipa (sjå skisse).

Det heile er eit kostbart prosjekt, som ikkje hadde vore mogleg utan den store løyvinga på 3,5 millionar frå kommunen. Fitjar kyrkjelege fellelsråd har sjølv ansvar for å få på plass 1 million kroner. Vi har alt fått inn ca. 300.000,- og vi håpar at vi kan få på plass det resterande beløpet ved å be Fitjarbuen om å bidra.

Fitjar har eit levande og sterkt kulturliv der song og musikk alltid har stått sentralt. Det er høge deltakartal ved gudstenester og andre kyrkjelege arrangement. Me har difor tru på at det skal gå bra.



# «Tro og lidelse – er Gud tilliten vår verdig?»

**Dette var det store spørsmålet me skulle få høyra tankar omkring denne temakvelden.**

**Anne Hardeland**

Kantor Jan Overweg innleia kvelden med vakker orgelmusikk. Han var også akkompagnatør for damekvartetten som gleda oss med nydeleg fleirstemt song før og etter foredraget.

Hildegun Aadland presenterte sosionom og familieterapeut Torborg Aalen Leenderts som ei dame som snakkar sant om livet i heile sin breidde, og ikkje er redd for å snakka om dei vanskelege tinga. Ho har skrive fleire bøker som kombinerer praktisk, diakonalt og sosialfagleg arbeid med undervisning.

Ho byrja med å introdusera oss for den danske filosofen Løgstrup som hevdar at me er komne til verda med spontane livsytringar som er større enn oss sjølv. Tillit, openheit, evne til å ta imot, til tilgjeving og til å få. Motet til å vera, har me i oss. Denne verdfulle, umistelege tilliten får me forstyrra gjennom livet. Det som kan skje i våre menneskelege relasjonar kan også skje i forhold til Gud.

Ho viste oss det kjende biletet av jenta på brua med ein engel som verna henne. Før eller seinare vil me alle falla ned i sprekkene på brua, og vårt bilete av Gud som ein god beskyttande far, vil bli stilt spørsmål ved. Då er det viktig å gje Gud ein sjanse til. Å be han om å koma inn i mørkret med sin kjærleik, snakka til oss, gje oss lys.

Bibelen svarar ikkje på kvifor det vonde skjer, men korleis me kan leva med det ved å opna oss for han, be, hjelpa andre, oppretta ein ærleg relasjon til Gud der tilliten veks fram. Han er den som ber oss, som er tilliten verdig, men ikkje slik at han sparar oss for lidning. Som barnet må me invitera han inn i liva våre og få kjenna at det er ein som bryr seg om oss, sjølv om det kanskje er på ein annan måte enn me hadde tenkt. Og sjølv om våre sårbare livsvilkår er vanskelege, kan me få kraft frå dag til dag, motta, bli båret, kjenna at han er med oss i det vonde, i angsten og i mørkret. Og opna oss for at han kan hjelpa oss slik han vil. Gud



er i alt, me må forsona oss med livet, og det kan vera eit dagleg val å ha tillit til dei djupe godheitskreftene i tilværet trass i det vonde som skjer. Det er ein som kan hjelpa oss å komma vidare.

Ved Lia gård er det bygd eit ortodokst kapell. Der fann dei ein levande brønn under ein stor stein. Torborg Aalen Leenderts opplever dette som eit bilete på kvinna ved Jakobs brønn. Steinen kan stengja for kontakten med den levande kjelda i livet. Me kan leva vårt liv, gå til brønnen, blir ikkje spart, men det er ein som går saman med oss. Jesus hjelper oss å flytta steinen.

Som avslutning på den tankevekkjande kvelden i lag med ein roleg, trygg og sympatisk formidlar av desse viktige spørsmåla, fekk me igjen vakker song av kvartetten, før me saman song «Jeg er i Herrens hender».

Etter foredraget vart tilhøyrarane inviterte til samtale om temaet.



*Helga Olsen Aadland, Solfrid Sandvik Bø, Kari Anita Larsen og Lisa Instefjord Gilje*



# Program for bedehusa

## STRANDA BEDEHUS

- 27.01. kl. 19.30 Sunnhordlandsaksjonen NMS  
19.02. kl. 19.30 Muslim-misjonen  
v/Herdis Heimdal

## ØVREBYGDA BEDEHUS

- 13.12. kl. 19.30 Søndagsmøte  
26.12. kl. 11.00 Gudsteneste  
27.12. kl. 16.00 Julefest for små og store  
10.01. kl. 19.30 Søndagsmøte  
17.01. kl. 19.30 Sunnhordlandsaksjonen NMS  
24.01. kl. 16.00 Årsmøte Indremisjonen  
31.01. kl. 19.30 Søndagsmøte  
07.02. kl. 19.30 Søndagsmøte  
14.02. kl. 19.30 Søndagsmøte  
18.02. kl. 19.30 Møte Kristen Muslimmisjon  
21.02. kl. 19.30 Søndagsmøte  
28.02. kl. 19.30 Søndagsmøte  
04.03. kl. 17.00 Kvinnenes internasj. bønedeag  
06.03. kl. 19.30 Søndagsmøte  
09.-13.03. kl. 19.30 Fellesmøter v/Roald Evensen

## FITJAR BEDEHUS

- 20.12. kl. 16.00 Me syng jula inn  
28.12. kl. 19.00 Julefest  
30.12. kl. Søndagsskulefest  
31.12. kl. 18.00 Nyttårsfest  
03.01. kl. 19.30 Søndagsmøte  
10.01. kl. 19.30 Søndagsmøte  
17.01. kl. 17.00 Storsamling v/Marit A. Røen  
20.01. kl. 19.30 Nattverdmøte  
24.01. kl. 19.00 Årsmøte Indremisjonen  
30.01. kl. 16.00 Basar Stefanusalliansen  
31.01. kl. 19.30 Søndagsmøte  
10.-14.02. Møteveke NLM  
17.02. kl. 19.30 Nattverdmøte  
21.02. kl. 19.30 Søndagsmøte NMS  
23.02. kl. 19.00 Årsmøte Fitjar bedehus  
24.02. kl. 18.00 Basar Normisjon  
26.-28.02. kl. Møtehelg v/Olav Eikemo

Sjå også [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)



## BABYSONGKURS

For babyar mellom 0 og 13 månader  
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **tysdagar kl. 10.30 - 12.00**



**songstund  
nistemåtid  
leik og drøp**



**Datoar våren 2016:**

12. januar m/ markering av 15-årsjubileum,  
26. januar,  
9. februar, 23. februar,  
8. mars, 29. mars,  
12. april, 26. april

Etter songstunda vert det felles nistemåtid.  
Me serverer kaffi, te og saft.  
Ta med niste, kopp, gulpeklut og tøyflar.



**NB!**

Påmelding og evt. spørsmål kan rettast til  
Helga Rjimmereid tlf. 975 28 001 eller Astrid K. Prestbø 976 25 833.  
Påmelding må innehalda namn og alder på barnet  
og namn på den vaksne.

**Påmelding Innan fredag e. januar!**

**Pris kr. 150,- inkl. CD og enkelt songhefte**

## VELKOMEN !!

Arr: Fitjar sokneråd

## SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **tysdagar kl. 10.30 - 12.00**

**songstund  
nistemåtid  
leik og drøp**



**Våren 2016:**

12. januar m/ markering av 15-årsjubileum,  
26. januar,  
9. februar, 23. februar,  
8. mars, 29. mars,  
12. april, 26. april

Ta med niste, kopp og tøyflar.

Me serverer kaffi, te og saft.



**NB!**  
Ingen betaling  
ei. påmelding!



## VELKOMEN !!!

Arr: Fitjar sokneråd



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

[www.veterinaerslettebo.no](http://www.veterinaerslettebo.no)



Ring for timebestilling  
53 22 23 30 /  
92 22 31 47

Åpningstider:  
man-tor: 9.00-16.00  
tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



95871570 HANS

**III GSE SANDVIK AS**  
55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

**RYDLAND**  

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09 [www.rydland.as](http://www.rydland.as) [post@rydland.as](mailto:post@rydland.as)



No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER  
Mån, tirs, fre: ..... 9-16  
Ons, tors: ..... 9-18  
Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren  
hos oss!*

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget **53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRØNAVIKJØ UTVIKLING AS**  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**SJØTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.vesthaugane.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



Visningsenter  
Mobilnr: 951 89950

## Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)



## FITJAR

smøbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



## KVERNENES

Kalveid, 5419 Fitjar  
[www.kvernenesbaat.no](http://www.kvernenesbaat.no)  
Telefon: 918 18 157  
[baatbygg@online.no](mailto:baatbygg@online.no)

# SPAR



## VB

VARME & BAD

## Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

## VB

VARME & BAD

## Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

## Videoen Kiosk



Fitjar  
FJORDHOTELL  
Tlf. 53 45 77 00

## Vågen's kro og catering

48 04 19 09



## Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

## REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



## Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

## ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414



## AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



## Sparebanken Vest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

## Susflidskroa

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



## Døyppte

**27.september:**  
Markus Siglen-Brattbakken

**04.oktober:**  
Eirik Dalen

**18.oktober:**  
Tobias Rommetveit, Stord kyrkje

**31.oktober:**  
Alfred Nerhus Jæger  
Oline Uthaug

**15.november:**  
Ella Henriette Thomassen  
Ella Grimstad Tvedt



## Vigde

**31. oktober:**  
Trude Strand og Arne Korsvik



## Jordfeste

Solveig Skumsnes  
*f: 09.02.1932 d: 25.09.2015*  
Kristoffer Eggøy  
*f: 14.01.1924 d:10.11.2015*  
Margit Hovland  
*f: 09.01.1926 d: 29.11.2015*

### Gudstenesteliste:

10.12.	Torsdag	18:30	Kulturskulekonsert
		20:00	Kveldsbøn
13.12.	3sia	11:00	Osternes bedehus Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma
18.12.	Fredag	19:00	Julekonsert med Marianne Juvik Sæbø
20.12.	4sia	11:00	Hovudgudsteneste ved vikar, Takkoffer: Kirkens SOS
24.12.	Julaften	14:30	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp
og		16:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp
25.12.	Juledag	12:00	Høgtidsgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
26.12.	2.juledag	11:00	Øvrebygda bedehus Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma
31.12.	Nyttårsaftan	23:00	Kveldssamling
01.01.	Nyttårsdag	12:00	Høgtidsgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Sjømannsmisjonen
03.01.	KrÅp	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Misjonsalliansen
10.01.	2sia	11:00	Hovudgudsteneste ved vikar. Takkoffer: NMS Sunnhordlandsaksjonen
17.01.	3sia	11:00	Hovudgudsteneste med konfirmantar ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid
24.01.	Såm	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Bibelselskapet
28.01.	Torsdag	19:30	Temakveld med Inge Eidsvåg
31.01.	KrFo	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Stefanusalliansen
07.02.	Fastel	11:00	Hovudgudsteneste Kode B ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kirkens bymisjon Bergen
14.02.	1sif	11:00	Hovudgudsteneste Innsetjing av kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Sokneprest Olav J. Oma og prost Svein Arne Theodorsen deltek. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
18.02.	Torsdag	19:30	Temakveld med Sveinung Hølmebakk
21.02.	2sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kirkens SOS
28.02.	3sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Normisjon
06.03.	4sif	11:00	Hovudgudsteneste Tårnagenthelg ved Olav J. Oma og Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet